

Kjære politikarar - de som bestemmer - ikkje legg ned skulen her ved Mo oppvekstsenter, for då blir vi og alle andre elevar her veldig lei oss.



Ein stille "protest" henta frå skulegangen ved Mo oppvekstsenter

Her er vi snille med kvarandre og hit kan vi gå eller sykle. Sidan vi ikkje er så mange kan vi plutselig få tur dagar og anna moro. Sidan vi er saman med barnehagen og ikkje er så mange, har vi mange leiker, syklar og leikeplassar, meir enn vi trur dei har på Surnadal barne- og ungdomsskule.



Tankekart 3. og 4. trinn

Vi er trygge her for ALLE KJENNER ALLE! Skuleområdet vårt er så lite at det er lett å finne fram. Vi møter alltid vaksne vi kjenner anten om dei arbeider i barnehagen eller på skulen.


Elevane på 1. og 2. trinn er ikkje med i elevrådet, men her ser de kva dei har svara på spørsmåla:

1. Kva likar du best ved skulen din?
2. Kva gjer at du har det trygt og godt på skulen?
3. Kva gjer at du lærar best?
4. Kva tenkjer du om det å begynne på Subus?


1. Det er gøy med gym og friminutt. Det er gøy med frileik, svømming, stasjoner og matte. Vi har mange venner. At det ikkje er så mange elevar her, da er det lettare å vera vener. Vi speler på i-pad og skolen min. At skulen er liten. At alle er saman med alle. Det er så gøy å vera her.
2. Vi kjenner nesten alle på skulen. Vi har snille vener. Ingen er sinte. Det er lett å konsentrere seg når det er stille. Alle møtes i friminuttet.
3. Når vi har matte og norsk. Når vi les. Når det er stilt og roleg og når alle retter opp handa. Når det er stille. Når vi gjer oppgåver i matte.
4. Ikkje bra. Det er erting der. Kanskje vi kjem i forskjellige klassar. Eg er redd for å bli mobba. Eg kjenner folk som går på SUBUS. Om vi flytter til SUBUS slepp vi å ta buss til svømming. Gøitt å ta buss. Vi vil ikkje gå på SUBUS, vi vil gå her. Pappa rekk ikkje å hente meg på SFO om eg går på SFO på SUBUS.

Gode og snille lærarar gjer at det er enklare for oss å lære noko. Om det er noko vi ikkje forstår er det alltid vaksne som får det med seg og gir oss hjelp

- VI BLIR SETT OG HØRT!



Tankekart 5. - 7. trinn



Om vi må til Subus kjem barnehageungane til å sakne oss og vi kjem til å sakne dei. Grenda vår blir tom. Vi har ikkje butikk eller bensinstasjon. Vi treng oppvekstsenteret. Oppvekstsenteret er SAMLINGSPUNKTET VÅRT!

Helsing elevrådet ved Mo oppvekstsenter ved

Elias Bruvold Fiske (6. trinn), Nikolai Lindvåg Sande (6. trinn),

Sivert Magnus Fiske (6. trinn), Magnhild Marie Fugelsøy (5. trinn),

Håkon Andreassen Ranes (4. trinn) og Victoria Moen (3. trinn)